

Historier fra
virkeligheten

Halleluja

«Dyrsku'n i Seljord» er ei årvisst storhending, ei gigantisk massemønstring av fe og folk. I år er det 137 år sidan den fyrste Dyrsku'n blei arrangert. Utrulege 75 000 betalande personar samt eit ukjent antal kyr, geiter, hestar, kaninar, grisar, lamaer og born under 7 år (gratis) vitja bygda i løpet av tre dagar i september. Det er utstillingar av dyr og maskiner, handel med klokke og knivar, demonstrasjon av gammalt og nytt handtverk, spelstykke og musikk (hardingfele, afrikanske trommer, Frelsesarmeen og kveding). Mykje moro altså, og med politiet si hjelp er det mindre fyll og spektakkel for kvart år. Dei færreste vil vel innrømme at

dei saknar den delen av folkloren, men noko går unekteleg tapt. Før i tida var Dyrskufylla nærmast ein normaltilstand. Her er ei historie frå Seljordsheia.

Rundt 1920 gjekk det ei religiøs vekkelsesbylgje over distriktet. Folk ut etter Seljordsheia angra sine synder og vende seg til Herren mest utan unntak. To forherda brør på ein liten plass nekta i det lengste. Men til slutt blei vel gruppepresset for overveldande. «Det er greit» sa den eldste som førte ordet, «me kan bli frelste. Men Dyrsku'n skal vera som før.»

Elisabeth Swensen

Fra årets Dyrsku i Seljord



FOTO: JAN FERSTAD, BONDEBLADET